

Referat – SU-møte ved Bore ungdomsskule

Dato og tid for møte: 26.03.26, kl.18.00

Rom: Personalrommet, Bore ungdomsskule

Tilstades:

Representantar for føresette: Marit Irene K. Haugstad

Representantar for dei tilsette: Borgny O. Hemsén og Sunniva P. Nygård

Representantar for skuleeigar: Torunn A. Rasmussen (politikar) og Sandra C. Børresen-Varhaug (rektor)

Ikkje til stades:

Representantar for elevane: Anders Steffen Nes

Representant frå føresette: Inger Lise Nordbø Vanglo

25/26-19	Godkjenning referat 03.02.26
Godkjent.	
25/26-20	Sak til høring: Orstad
HØYRINGSSVAR – ORSTAD SKULE Bakgrunn I samband med rehabilitering av Orstad skule er det foreslått å endre planløysinga for å oppgradere bygget til dagens standard og krav for skulebygg. Kostnadene har vist seg å vere betydeleg høgare enn tidlegare estimert, noko som gjer det utfordrande å realisere ein 1–10-skule samt læringssenter ved Orstad. 1. Framtida for ungdomstrinnet ved Orstad skule Det viktigaste omsynet ved plassering av ungdomstrinnet må vere elevane sitt beste. Vi meiner at det vil vere den beste løysinga for elevane at ungdomstrinnet ved Orstad vert slått saman med Frøyland ungdomsskule. Elevane har allereie ein naturleg tilknytning til Frøyland gjennom bustadområde og fritidsaktivitetar. Mange av elevane omgåast på fritida, og dette talar for at ei samlokalisering vil vere positiv både sosialt og fagleg. Vidare er det viktig å vurdere kostnader knytt til skuleskyss over tid. Det bør gjerast grundige utrekningar av desse kostnadene. Samstundes må ein også ta omsyn til dei psykososiale konsekvensane. For elevar er det avgjerande å gå på skule i nærleiken av venene sine. Klepp sentrum er ikkje ein naturleg møteplass utanom skuletida for desse elevane.	

Ei løysing der elevar frå Orstad vert skyssa til Klepp, kan føre til eit uheldig skilje mellom «Orstad-elevar» og «Klepp-elevar». Dette kan skape utfordringar knytt til inkludering og tilhøyrle.

Det er òg grunn til å stille spørsmål ved om kommunegrenser bør vere avgjerande for skuleplassering, når dette skaper eit kunstig skilje mellom elevar som elles høyrer naturleg saman.

Det finst gode døme på samarbeid på tvers av område allereie, mellom anna innan idrett, der barn samarbeider frå om lag 10-årsalderen. Dette viser at ei slik samanslåing er både naturleg og gjennomførbar.

Samtidig er det viktig å peike på at lange reisevegar ikkje er ei god løysing for elevane ved Orstad. Skulen har i dag gode læringsresultat, noko som talar for å vidareføre stabile og kjende rammer for elevane.

Ei omlegging vil også kunne påverke dei andre skulane i kommunen, som Klepp ungdomsskule og Bore ungdomsskule. Når fleire skular vert påverka samstundes, må ein vurdere om dei samla konsekvensane er verd innsatsen.

2. Mellombelse løysingar i rehabiliteringsperioden

Når det gjeld mellombelse løysingar i rehabiliteringsperioden, er det fleire viktige omsyn som må takast:

Dersom ungdomstrinnet vert flytta permanent på eit tidleg tidspunkt, vil det vere enklare å finne gode løysingar for 1.–7. trinn.

For dei yngste elevane må reiseveg vere eit sentralt omsyn. Lange og krevjande skulevegar er særleg uheldig for dei minste barna.

Det må vidare sikrast at dei mellombelse lokala oppfyller krav til helse, miljø og tryggleik (HMS), samt nødvendige tekniske krav.

Tilsette må ha gode arbeidsforhold i perioden. Det er viktig at dei har ein tydeleg arbeidsplass og ein funksjonell base.

Lokala må vere tilpassa behova i læreplanen for dei ulike trinna, slik at elevane får eit fullverdig opplæringstilbod også i ein mellombels periode.

Det bør også avklarast om lokala ved Steingarden barnehage er tilstrekkeleg tilrettelagde for bruk til skuleføremål.

Avslutning

Vi oppmodar kommunen til å leggje avgjerande vekt på elevane sitt beste, både når det gjeld fagleg utbytte, sosial tilhøyrle og praktiske rammer i kvardagen. Løysingane som vert valde, må vere berekraftige på lang sikt og bidra til trygge og gode oppvekstvilkår.

25/26-21	Kapittel 12- Skolemiljøet til elevane
-----------------	--

- Noko utagerande ådferd som vi jobber med inn mot enkeltelevar
- Aktivitetsplanar blir færre på våren
- Prøver å få elevane meir aktive ute i friminuttet med å leggje opp til felles leik

• Det går ikkje betre med vandrane – dette kjem på agendaen med PPT – dei kjem oppi vanskelege saker. Dette er lufta og skal vere tema vidare i Klepp teamet. Ofte elevar som slit med meistring på skulen. Kva kan vi gjere for å få dei til å meistre? Dei vandrar også på barneskulen – tiltaka må kome tidlegare. Foreldregruppa må ansvarleggjerast. • Vanskeleg med «smart-telefon-generasjonen».	
25/26-22	Reknskap
Raude tall, og framleis stramme rammer.	
25/26-23	Utviklingsplan for 2026/ 2027
Oracy held fram. Kleppmodellen går over i drift. Nytt fokusområde vert no drøfta, og vert fastsett ein gong etter påske.	
25/26-24	Personalsituasjon
Ingen tilsetjingsbehov for neste skuleår.	
25/26-25	Orienteringssakar
<i>Elevrådet: Ikke til stades.</i> <i>FAU: Ikkje noko nytt.</i> <i>Politisk nivå og skule: Ikkje noko nytt.</i>	
25/26-26	Års- og møteplan SU og SMU skuleåret 2026/ 2027
- To møter per halvår - Lik møteplan/struktur - Møtetid? Vi er positive til å ha møter rett etter skuletid. Kan prøve første gong.	
25/26-27	Deltakarar i SU/ SMU skuleåret 2026/2027
- Kven ynskjer i vere med vidare av dei noverande deltakarane? FAU må ta ein runde. Rektor og Torunn blir med eit år til. Rektor tar en runde med dei tilsette	

Ref. S.P.Nygård.